

[Vitengarden]: >

INNVLIGA RUP – SØKNADAR 2007

Samarbeid med Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) - Rogaland

Rogaland fylkeskommune har løyvd 68.000 kr til eit samarbeid mellom Rogaland Jeger og fiskerforb. og Jærmuseet. Planar for samarbeidet i 2007 er:

- Science Camp ved Limavatnet i veke 16, aktivitetar knytt til interessante fenomen og ting å forske på innan temaet fisk og fiske.
- Aktivitetsveke ved Limagarden i veke 40, med fokus på fiske og tilverking av fisk.
- Ein aktivitetsdag på Vitengarden i november. Tema: "Matematikk og fisk".

Orienteringskart til friluftsområde i Hanabergsmarka:

Fylket gir og 30.000 kr til å utvikla orienteringskart over Hanabergsmarka. Prosjektet tek utgangspunkt i friluftsområdet Hanabergsmarka og dei natursti-, forhistoriske- og krigsminneløypene som allereie er tilrettelagt. Ved å leggje orienteringsløypene til dei eksisterande løypene vil me få ei vekselvirkning ved at brukarane må orientere seg fram, samstundes med at ein får informasjon om kulturlandskapet og landskapet si historie. Brukarane kan nytta o-kartløypa med bare kart, kart og kompass og GPS.

Fiske og undervisning ved Limavatnet, Gjesdal



[Vitenfabrikken]: >

MATEMATIKKUTSTYR TIL UTLÅN

Takket være TEKNA- Stavanger kan JÆRMUSEET nå tilby matematikkutstyr for utlån, til skoler og undervisningsinstitusjoner. Tekna - Teknisk-naturvitenskapelig forening er profesjonsforeningen for personer med en mastergrad innen teknologi eller naturvitenskap. Rekruttering til realfag har i mange år vært et hovedsatsingsområde for foreningen. Matematikkutstyret er gitt som gave i forbindelse med Tekna Stavanger avdelings 100-års jubileum.

For bestilling ta kontakt med formidlerene på VITENFABRIKKEN i Sandnes.

Utstyr til utlån:

- 4 ulike skolesett/kasser med POLYDRON brikker
- 12 MaxaMec byggesett
- 1 kasse m/ 400 Multilink tellekuber
- 15 ternings kasser/esker
- 10 RoboLab (robotutstyr i LEGO)

For nærmere beskrivelse av utstyr og passende aldersgruppe, se under "undervisning" på www.vitenfabrikken.no, eller ta kontakt med Victoria Sandberg Kristoffersen vs@jaermuseet.no.

[Vitengarden]: > "PÅSKETRADISJONAR OG EGGANDE AKTIVITETAR"

egga over 450 besøkande til å ta turen til Vitengarden 1. april. Denne palmesundagen fekk publikum mala eigne påskeegg, sponsa av Prior. Og juryen, som skulle kåra dei tre finaste egga, hadde mange

Mange samla seg i tunet på Kvía 4H - gard og fekk sjå korleis ei høne ser ut inni.



vakkert dekorerte eksemplar å velja mellom. Overraskande for mange var det nok at ein også kan gå på egga! Kvelvingskonstruksjonen i egga gjer at dei ikkje knuser viss du trør på rett måte. Nede på Kvía 4H gard kunne publikum vera med på hønseslakt. Dei færraste let seg skræma av avkappa hønseshovud. Etterpå kunne dei utforska "innmaten", og vera med å finna både hjarte, lever og tarmar – lange som ein vaksen person. Og viss ein lurte på koss Prior slaktar kyllingar i dag, kunne ein sjå film om det i museumsbygget.

«Krev mye av deg sjølv og vent lite av andre. Det sparer deg for mange ergringar.»

[Vitengarden]: > BESØK FRÅ NORSK LANDBRUKSMUSEUM

Me har fleire gonger hatt besøk frå dette museet. 31. januar var det styret i museet som kom til Vitengarden, saman med nokre av dei tilsette. Dei var ni i talet med formann Lars velsand og direktør Vegard Li i spissen. Me har inngått samarbeid om å bygga nye eksperiment til vitensenterutstillingar. Det betyr at me bygger to eksemplar av den same stasjonen. I tillegg har dei bedt om å få kopiera nokre av våre eksperiment.

Jærmuseet har i mange år hatt ein avtale med Norsk Landbruksmuseum og Genressursutvalet om å ta vare på ei lita besetning av Vestlands Raukoll. Nå er NLM interessert i å utvikla ein "vitenpilot" på Ås.



UNGE FORSKARAR - Regional finale

Torsdag 15. mars var det regional finale og prisutdeling i konkurransen Unge Forskarar. Det blei kåra tre vinnarar, i tre ulike klassar: klasse for ungdomsskule, klasse for humanistiske fag og klasse for naturfag. Mads Even Klungland, Caroline Irwin Larsen og Emma Laura Svanberg vann dei respektive klassane. Konkurransen Unge Forskarar blir arrangert årleg av "Stiftelsen Ungdom og Forsking". Stiftinga blei etablert i 1997 av Forbundet Unge Forskere, Norges Forskingsråd og Universitets- og høgskolerådet. "Stiftelsen Ungdom og Forsking" har som overordna mål å rekruttera barn og ungdom til forskning. Ungdom mellom 12 og 20 år kan delta. Jamt over kjem det inn om lag 150 oppgåver til konkurransen kvart år. Dei fleste deltakarane er elevar i vidaregåande skule, ofte frå



Prisvinnarar og jury. Eivind Grimsby Haarr (t.v.), programleiar i Schrødingers katt, delte ut diplom til vinnarane i den regionale finalen: Mads Even Klungland og Caroline Irwin Larsen. Vinnaren av klassen for naturfag, Emma Laura Svanberg, var dessverre på skuletur, men får Nils Svanberg (bak t.h.) tok imot diplom på vegne av dottera. Jutymedlem Roger Lockertsen var også bortreist, men elles stilte juryleiar Atle Skaftun, (bak t.v.), Jan Finjord og Cathrine Lillo frå UiS.



Orførar Håkon Rege ønska velkommen til prisutdeling i den regionale finalen. Takk til Sola kommune som stilte Sola Kulturhus til disposisjon for arrangementet!

IB-liner. Men dei siste åra har også fleire ungdomsskuleelevar deltatt. Rogaland merker seg ut som det fylket med størst deltaking. Over 30 % av innleverte bidrag kjem vanlegvis frå vårt fylke. Dette er og bakgrunnen for at ein dei to

siste åra har arrangert eigen regional finale her i Rogaland. Jærmuseet (det regionale vitensenteret) er arrangør i lag med Stiftelsen Ungdom og Forsking i Oslo. UiS stiller jurymedlemmer til disposisjon. I 2007 kom det inn heile 46 bidrag frå Rogaland! Utfordringa framover er å få med fleire skular. Så langt kjem elevane i hovudsak frå International School of Stavanger, Stavanger Katedralskole og St. Olav vgs. I klassen for ungdomsskulen er Samfundets Skole i Egersund einerådane.

Årets regionale finale blei halden i Sola Kulturhus. Dessverre kolliderte prisutdelinga med ein skuletur for ein del elevar, men like vel var over 100 elevar og foreldre møtt fram.

Takk og til juryen for godt og grundig arbeid. Dette året var desse med i juryen: førsteamanuensis Atle Skaftun (juryleiar), professor Cathrine Lillo, professor Jan Finjord og førsteamanuensis Roger Lockertsen. Vinnarprosjekta: Mads Even Klungland, Samfundets Skole: "Smaken på økologisk dyrkede grønnsaker og smaken på kunstig dyrkede grønnsaker".

Caroline Irwin Larsen, International School of Stavanger: "What techniques are used in charity advertising and why is it necessary for charities to advertise?"

Emma Laura Svanberg, International School of Stavanger: "The relationship between standard potential values and the corrosion of iron and protector metals in relation to the sacrificial protection of iron".

[Vitengarden]: > **4H – KLUBBANE I HÅ INVITERER TIL AKTIVITETSDAG PÅ VITENGARDEN SØNDAG 29. APRIL.**

Det blir steiking av pannekakeskjeva, toving av ull, ansiktsmaling, spikking, volleyballturnering, kjøring med hest og kjerre m.m.

GRØDALAND

åpnar for publikum 6. mai.
Åpe: Sundager 12.00-17.00

ABELFONDET

har oppnemnd avdelingsleiaren for Vitenfabrikken, Gro Persson, til å sitte i Abelfondet sitt Barne- og ungdomsutval. Barne- og ungdomsutvalet har m.a. ansvaret for tiltak som Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule og KappAbel konkurransen for ungdomsskulen.

ROGALAND MUSEUMSRÅD

Hadde møte på Vitengarden 27. februar. Direktør Målfrid Snørteland, Jærmuseet, blei vald til ny leiar av rådet.

*Kva skjer? 04: FEBRUAR - APRIL 2007

Ansvarleg redaktør: Målfrid Snørteland
Innspel kan sendast til: post@jaermuseet.no

Designmat: unniform